

# Protokoll

## VELG ET ELEMENT. 1/23

**DATO:** fredag 10. februar 2023

**TID:** 12.00-15.00

**STED:** Bokn Arena

### Til STADES:

Karmøy kommune:	Jarle Nilsen, Øystein Hagerup
Haugesund kommune:	Arne-Christian Mohn
Tysvær kommune:	Svein Ivar Dybdal
Utsira kommune:	Tove Grimsby, May Britt Jensen
Bokn kommune:	Osmund Våge, Ingebjørg Skjølingstad
Sveio kommune:	Linn Therese Erve
Vindafjord kommune:	Ole Johan Vierdal, Yngve Folven Bergesen
Suldal kommune:	Gerd Helen Bø
Sauda kommune:	Asbjørn Birkeland, Erik Daniel Fatnes
Etne kommune:	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Filippo Ballarin
Rogaland fylkeskommune:	Lin Veronica Jacobsen
Stortingpolitikere:	
Administrasjonen:	Inger Kallevik Håvik og Øyvind Valen. Tora Eide frå sak 4.
Velg et element.	

### SAKSLISTE

#### Sak 1-23 Godkjenning av protokoll frå regionrådet 9. desember 2022

Førebels protokoll var tidlegare sendt rundt til kommunane, og han var lagt ved innkallinga som [vedlegg](#)

Vedtak samrøystes: **Protokollen for 9. desember 2022 blir godkjend.**

#### Sak 2-23 Utvandrarjubileum 2025

Det er oppretta ein nasjonal komité for å planlegga dette jubileet. Tysvær kommune var utfordra til å ta initiativ til eit samarbeid i vår region for markering av dette i 2025. Anders Netland, kulturleiar i Tysvær, inviterte dei andre kommunane til deltaking, og Ingvar Frøyland frå styret i Haugalandsmuseet gav eit interessant kåseri om sjølve utvandringa.

Fleire kommunar gav i møtet direkte tilbakemelding om at dei ville satsa på dette, også med ressursar. Tysvær kommune blei bedt om å ta initiativ til møte med kulturavdelingane i alle kommunane, og det blei også bedt om at Ryfylkemuseet og Sunnhordlandsmuseet blei invitert inn.

### Sak 3-23      Orientering om kulturminneplanen til Rogaland fylkeskommune

Fylkeskommunen hadde sendt denne planen ut på høyring, med høyringsfrist denne månaden. Prosjektleiar i fylkeskommunen, Kristian Valen, orienterte om [planen](#). Valen sin presentasjon ligg som link [her](#).

### Sak 4-23      Samarbeid om Rogfastanalyse

Det blir foreslått å gjennomføra ein analyse knytt til at Rogfast etter planen står ferdig i 2033. [Sakspapiret er vedlagt](#)

**Samrøystes vedtak:**

***Regionrådet for Haugalandet gir administrasjonen i Haugaland Vekst mandat til å gå videre med arbeidet for å få utarbeidet en ringvirkningsanalyse for regionen ved etableringen av Rogfast. Det settes av inntil 1/3 og maksimum kr 250 000 fra regionrådets fond til analysen.***

### Sak 5-23      CCS-prosjekt på Haugalandet

Tiril Fjell frå Haugaland næringspark og Bjarne Hopland frå Gassco var til stades og orienterte. Tiril sin presentasjon ligg som link [her](#). I tillegg var Kåre Bjarte Bjelland frå Eramet i Sauda og Olav Bådsvik frå Equinor Kårstø til stades via Teams. Desse bedriftene står, saman med Norsk Hydro Karmøy, for nokre av dei største punktutsleppa av CO<sub>2</sub>, og gjennom samarbeidet skal dette reduserast monaleg.

Samarbeidet er ei etterverknad av «REnergi-programmet» som regionen har gjennomført. Prosjektet må også sjåast i lys av [etableringsplanane](#) til Horisont og Neptune.

Det blei og orientert om at Rogaland fylke sin [Regionalplan grønn industri](#) er lagt ut på høyring med frist 31. mars 2023.

### Sak 6-23      Regionrådet til Oslo 29. mars

Det er avtalt møte med stortingsbenken for Rogaland, sannsynlegvis klokka 17.00, med etterfølgande middag. I tillegg hadde AU og administrasjonen laga eit notat som var sendt ut på førehand. Dette peika på ulike andre departement ein ville foreslå at det blei laga til møte med. Det kom nye innspeil i møtet.

**Vedtak samrøystes:**

***Regionrådet ber administrasjonen senda førespurnader om møte i tråd med notatet og innspeil i møtet. AU får fullmakt til å prioritera dersom det blir nødvendig.***

### Sak 7-23      Orienteringssaker frå Haugaland vekst

- Status for reiselivsstrategien. Inger Kallevik Håvik orienterte om denne. Det blir planlagt at dette blir sak på møtet 21. april, og at reiseliv blir hovedtema på samlinga saman med Sunnhordalandsrådet 9. juni. Inger sin presentasjon finn ein [her](#).
- Havvindstrategi. På neste møte i regionrådet kjem det ei sak om havvindstrategi. I dette møtet orienterte Tora Margrethe Eide om status, samt om arbeidet som blir gjort for å utarbeida ulike arbeidspakkar. I dette arbeidet blir kommunane sentrale, og i møtet blei det og oppfordra til å trekka inn bedrifter og konsulentbransjen. Tora sin presentasjon ligg [her](#).
- Arbeidet med statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar: Øyvind Valen orienterte om dei tre prosjekta som er i gang knytt til dette vedtaket i regionrådet 28. januar 22.
  - Offentlege arbeidsplassar i havvindområdet. Her er det ei gruppe med ordførar i haugesund, leiar i Maritimt forum, samt Valen og Eide i Haugaland vekst som arbeider. I denne fasen blir vekta lagt på vertskapsrapporten som er under utarbeiding, i tillegg til ulik politisk påverknad.
  - Fylkeskommunale stabsarbeidsplassar. Her er det eit samarbeid med Ryfylke IKS, og innsamling av fakta til eit argumentasjonsnotat. Neste steg er møte med fylkestingsrepresentantar frå regionen.
  - Nasjonalt senter for yrkesutdanning. Ordførar i Etne og rektor ved Åkra VGS er i gruppe saman med Sætre og Valen frå Haugaland vekst. Uklart kor saka står i den nasjonale arbeidsgruppa.
- Haugaland vekst i 2023. Sigmund Lier overtek som leiar 1. november. Fram til denne datoen vil Inger Kallevik Haavik vera leiar, men ho arbeider i redusert stilling frå april. Øyvind Valen vil vera stedfortredar, også i redusert stilling. Det vil bli lyst ut etter to nye stillingar, og styret vil i marsmøtet avgjera kva kompetanse det skal søkast etter.
- Neste møte i regionrådet er på Utsira 21. april. Avreise blir frå Haugesund 08.00, og deltakarar som vil reisa kvelden før må ta kontakt med ordførar Marthe Eide Klovning. Det blir felles middag for dei som reiser på førehand.

**Kopi:**

- Sendt til regionrådets medlemmer
- Møtande varamedlemmer.
- Postmottak i kommunane
- Observatørmedlemmer
- Faste stortingsrepresentantar frå Haugaland og Sunnhordaland
- Samarbeidande foreiningar og selskap